



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Næringsshagen
Dato: 22.03.2018
Tid: 19:00 – 19:45

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP
Karl Rune Hansen	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
22/18 – 28/18

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 22/18	Referatsaker	
PS 23/18	Opptak av lån til vidare fordeling (startlån) 2018	
PS 24/18	Årsmelding 2017 for kontrollutvalget i Fyresdal kommune	
PS 25/18	Avtale mellom Kviteseid og Fyresdal kommunar om barnehage- og skuleplass for barn busett i Kviteseid som ynskjer slikt tilbod gitt i Fyresdal.	
PS 26/18	Etablering av Moland Mekaniske AS	
PS 27/18	Omorganisering av administrativt leiarnivå	
PS 28/18	Klage på avslag om endring av barnehage og skuleplass	X

Fyresdal 15. mars 2018

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 22/18 Referatsaker

RS 6/18 Orienteringar

I møtet:

- Det ser ut som det går mot eit felles NAV-kontor for Vest Telemark med lokalisering i Tokke. Det vil bli lagt fram sak om dette til kommunestyremøte i mai.
- Det blir arbeid med forbetringar av heimesidene til kommunane i Vest Telemark.
- Det er oppretta ei ny prosjektstilling som digitaliseringskonsulent i Vest-Telemarkrådet som vert lyst ut i desse dagar.
- I samarbeid med dei andre Vest Telemark kommunane har vi lyst ut etter to psykologar, det er ingen søknader til desse stillingane.
- Tannlegekontoret er i ferd med å bli ferdigstilt og vil bli bemanna to dagar i veka i starten og deretter etter behov.
- Ein arbeider med ei alternativ organisering av interkommunalt innkjøpssamarbeid.
- Det er lyst ut ei prosjektstilling i Vest Telemark for å drive eit prosjekt om spesialundervisning i skulane.
- Omorganisering av administrativt leiarnivå blir utsett til over påske då ein skal utarbeide konsekvensanalyser av dei to modellane som arbeidsgruppa har lagt fram. Det er fastsett eit administrativt møte med avdelingsleiarar, tillitsvalde og verneombod den 18. april. Etter dette vil arbeidsgruppa kome med innstilling til AMU og ADMU før ein kallar inn til ekstraordinært kommunestyremøte.
- Det er eigarmøte i VTK i morgon der ordføraren tek med kommunestyret sine innspel til nye vedtekter og eigarskapsmelding.
- Kommunestyret ynskjer at ein brukar eigendomsmeclar ved sal av Gardar. Det bør hentast inn tilbud på fleire.

PS 23/18 Opptak av lån til vidare fordeling (startlån) 2018

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune tek imot tilsagnet om lån til vidare utlån frå Husbanken på kr 1.800.000,-. Vilkår for lånet er 30 års nedbetalingstid, serielån utan avdragsfri periode og flytande rente på 1,58%.

Handsaming i Kommunestyret - 22.03.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Fyresdal kommune tek imot tilsagnet om lån til vidare utlån frå Husbanken på kr 1.800.000,-. Vilkår for lånet er 30 års nedbetalingstid, serielån utan avdragsfri periode og flytande rente på 1,58%.

PS 24/18 Årsmelding 2017 for kontrollutvalget i Fyresdal kommune

Innstilling frå kontrollutvalet:

Kommunestyret tek Årsmelding 2017 for Fyresdal kontrollutval til vitande, og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalets aktivitet i 2017.

Handsaming i Kommunestyret - 22.03.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Kommunestyret tek Årsmelding 2017 for Fyresdal kontrollutval til vitande, og meiner den gir ei tilfredsstillande oversikt over kontrollutvalets aktivitet i 2017.

PS 25/18 Avtale mellom Kviteseid og Fyresdal kommunar om barnehage- og skuleplass for barn busett i Kviteseid som ynskjer slikt tilbod gitt i Fyresdal.

Innstilling frå rådmannen:

- Som eit unntak gjevast to familiar med bustadkommune Kviteseid og som alt har barn i barnehagen i Fyresdal dispensasjon frå Telemarksavtala for barnehage.
- Det er ein føresetnad at Kviteseid kommune dekkjer nasjonal sats for skule og at denne gjerast gjeldane for barnehagetilbodet.
- Det er intensjonen frå dei to kommunane at dei aktuelle familiane, om dei ynskjer det, får opptak for sine barn ved Gimle skule etter at tida i barnehagen er avslutta.
- Med unntak av endra betalingssats for barnehage gjeld Telemarksavtala fullt ut.

Handsaming i Kommunestyret - 22.03.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

- Som eit unntak gjevast to familiar med bustadkommune Kviteseid og som alt har barn i barnehagen i Fyresdal dispensasjon frå Telemarksavtala for barnehage.
- Det er ein føresetnad at Kviteseid kommune dekker nasjonal sats for skule og at denne gjerast gjeldane for barnehagetilbodet.
- Det er intensjonen frå dei to kommunane at dei aktuelle familiane, om dei ynskjer det, får opptak for sine barn ved Gimle skule etter at tida i barnehagen er avslutta.
- Med unntak av endra betalingsatts for barnehage gjeld Telemarksavtala fullt ut.

PS 26/18 Etablering av Moland Mekaniske AS

Innstilling frå rådmannen:

- Tidlegare vedtak gjort av kommunestyret sak 46 og 47/17 vert oppheva.
- Fyresdal kommune tek til vitande omstillingsstyret sitt vedtak om å bruke kr 250.000,- av overførte midlar frå Fyresdal kommune til kjøp av aksjar i Moland Mekaniske AS.
- Fyresdal kommune teiknar seg for ytterlegare kr 300.000 i aksjar, derav aksjar for kr 100.000,- overførast dagleg leiar Knut Lofthus for symbolsk pris. Knut Lofthus får ei bindingstid i Moland Mekaniske AS på tre år. Dersom arbeidsforholdet opphøyrer før denne tid tilbakeførast aksjane Fyresdal kommune til same pris som Lofthus overtok aksjane for. Løyvinga blir å ta frå næringsfondet konto 1410470325 i samsvar med reglane for bruk av næringsfondet som da går ned frå kr 1.977.000,- til kr 1.677.000,-.
- Ved endring i aksjekapitalen i løpet av 2018 kan Fyresdal kommune stille sine aksjar til disposisjon til ein verdi pr. aksje tilsvarande pålydene.
- Dagleg leiar i omstillingsstyret etablerer selskapet og kallar inn til første styremøte.
- Ordføraren får fullmakt til å ivaretake kommunen sine interesser ved val av styret og andre forhold som har med selskapsetableringa å gjere.
- Formannskapet får fullmakt til å avgjere om eksisterande maskinpark på eit seinare tidspunkt skal overførast det nye selskapet og til å fastsette pris for denne.

Handsaming i Kommunestyret - 22.03.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

- Tidlegare vedtak gjort av kommunestyret sak 46 og 47/17 vert oppheva.
- Fyresdal kommune tek til vitande omstillingsstyret sitt vedtak om å bruke kr 250.000,- av overførte midlar frå Fyresdal kommune til kjøp av aksjar i Moland Mekaniske AS.
- Fyresdal kommune teiknar seg for ytterlegare kr 300.000 i aksjar, derav aksjar for kr 100.000,- overførast dagleg leiar Knut Lofthus for symbolsk pris. Knut Lofthus får ei bindingstid i Moland Mekaniske AS på tre år. Dersom arbeidsforholdet opphøyrer før denne tid tilbakeførast aksjane Fyresdal kommune til same pris som Lofthus overtok aksjane for. Løyvinga blir å ta frå næringsfondet konto 1410470325 i samsvar med reglane for bruk av næringsfondet som da går ned frå kr 1.977.000,- til kr 1.677.000,-.
- Ved endring i aksjekapitalen i løpet av 2018 kan Fyresdal kommune stille sine aksjar til disposisjon til ein verdi pr. aksje tilsvarande pålydene.
- Dagleg leiar i omstillingsstyret etablerer selskapet og kallar inn til første styremøte.
- Ordføraren får fullmakt til å ivaretake kommunen sine interesser ved val av styret og andre forhold som har med selskapsetableringa å gjere.
- Formannskapet får fullmakt til å avgjere om eksisterande maskinpark på eit seinare tidspunkt skal overførast det nye selskapet og til å fastsette pris for denne.

PS 27/18 Omorganisering av administrativt leiarnivå

Innstilling frå arbeidsgruppa:

Ny administrativ organisering i Fyresdal kommune:

Organiseringa blir som vedlagte alternativ 5, med rådmann, assisterande rådmann, 5 avdelingsleiarar og ein støtte/stabsfunksjon.

Handsaming i Kommunestyret - 22.03.2018

Saka vert utsett.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

PS 28/18 Klage på avslag om endring av barnehage og skuleplass

Innstilling frå ordføraren:

Ein kan ikkje sjå at klagar har kome med vesentlege nye moment i saka som skulle medføre eit anna vedtak enn det administrative avslaget. Det har i staden kome fram opplysningar som har styrka kommunen sitt standpunkt om at framtidig barnehage og skuletilbod skal gjevast ved Fyresdal barnehage og Gimle skule i Fyresdal kommune.

Klaga vert å avslå.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.02.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå ordførar.

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.02.2018

Ein kan ikkje sjå at klagar har kome med vesentlege nye moment i saka som skulle medføre eit anna vedtak enn det administrative avslaget. Det har i staden kome fram opplysningar som har styrka kommunen sitt standpunkt om at framtidig barnehage og skuletilbod skal gjevast ved Fyresdal barnehage og Gimle skule i Fyresdal kommune.

Klaga vert å avslå.

Handsaming i Kommunestyret - 01.03.2018

Framlegg frå Per Helge Seltveit:

Saka vert utsett til neste møte.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Per Helge Seltveit.

Vedtak i Kommunestyret - 01.03.2018

Saka vert utsett til neste møte.

Handsaming i Kommunestyret - 22.03.2018

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 22.03.2018

Ein kan ikkje sjå at klagar har kome med vesentlege nye moment i saka som skulle medføre eit anna vedtak enn det administrative avslaget. Det har i staden kome fram opplysningar som har styrka kommunen sitt standpunkt om at framtidig barnehage og skuletilbod skal gjevast ved Fyresdal barnehage og Gimle skule i Fyresdal kommune.

Klaga vert å avslå.